

Ole Bull Akademi

STIFTINGA OLE BULL AKADEMIET

ÅRSMELDING 2017

ÅRSMELDING 2017 FOR STIFTINGA OLE BULL AKADEMIET

Føremålet til Ole Bull Akademi er:

- å formidle kunnskap om og å gje opplæring og utdanning i norsk folkemusikk og folkedans til studentar på høgskule- og universitetsnivå
- i samarbeid med Griegakademiet - Institutt for musikk, Universitetet i Bergen, å gje utdanning på universitetsnivå til folkemusikkutøvarar
- å vere ein møtestad mellom norsk folkemusikk og andre musikkgenrar
- å formidle kunnskap om norsk folkemusikk til interesserte frå andre land. Gjennom gransking, publisering og studentutveksling vil Ole Bull Akademi gjere sitt til å auke kunnskapen om norsk folkemusikk og folkedans
- å vere ein aktiv aktør i nordiske og andre internasjonale fagfora som fremjar utdanning i og kunnskap om norsk folkemusikk.

OPPSUMMERING AV DRIFTSÅRET 2017

Stiftinga Ole Bull Akademi har lagt bakom seg eit aktivt og godt år, der akademiet også markerte dei fyrste 40 åra. Særleg har Hardingfela.no, som er eit samarbeid mellom Ole Bull Akademi og Hardanger og Voss Museum bore nye frukter, og er no ei satsing som vekker nasjonal merksemd. Hovudmålet med Hardingfela.no er å gje hardingfelemiljøet gode vekstvilkår, og auke interessa og forståinga for hardingfela, folkemusikken og folkedansen lokalt, regionalt og nasjonalt. Vi ønskjer også å bringa tradisjonsmusikken og tradisjonsdansen ut i verda til eit stort publikum. Sist men ikkje minst arbeider Hardingfela.no for å sikre at tradisjonar og handlingsboren kunnskap rundt instrumentbygging, musikk og dans blir dokumentert og vidareført. Eit av dei største delprosjekta er Folkedans i Hordaland, som i 2017 fekk KUP-midlar frå Hordaland fylkeskommune til rekruttering til folkedansen i Hordaland. Dette prosjektet har hausta stor merksemd, og har no fått vidareført stønaden i dei tre komande åra. Saman med Valdresmusea AS har Stiftelsen Ole Bull Akademi inngått ein avtale med Dextra Musica, der dei to institusjonane skal byggje opp og administrere ei utlånsordning på i alt 30 instrument av topp kvalitet, som skal stillast til disposisjon for dei fremste utøvarane og talenta på hardingfele i landet.

Talet på studentar på bachelorstudiet er jamt og godt, og talet på vekeskursstudentar er stabilt. Stiftinga har god økonomistyring, og vi arbeider heile tida bevisst med å utvikle tilbodet og kvaliteten vi leverer. Vi får svært gode tilbakemeldingar gjennom brukarundersøkingar, og vi trur vi leverer betre enn nokon gong på bestilling og samfunnsoppdrag. Dette gjev akademiet styrke til å utvikle innhald og kvalitet endå vidare i åra som kjem.

Samstundes ser vi at eksistensen til Ole Bull Akademi er truga. Vi får stadig signal frå kundane våre, som er høgskular og universitet, om at dei står i fare for å måtte kutte ut å sende studentane til Voss. Grunnen er kravet om at alle aktivitetar skal vere gratis for studentane, og utgifter til overnatting på Voss, i samband med vekekurset, ikkje kan belastast studentane. Dermed kan dette kravet slå beina under Ole Bull Akademi. Det var ganske sikkert ikkje intensjonen med å innføre dette kravet i 2005. Difor kjem stiftelsen til å gå i dialog med Kulturdepartementet om korleis dette best kan løysast.

ØKONOMI

Ole Bull Akademi fekk i meldingsåret statlege, fylkeskommunale og kommunale midlar til drifta.

Tilskot frå stat, fylke og kommunar:	2017	2016
Kulturdepartementet	4.960.000,-	4.879.000,-
Kunnskapsdepartementet - UiB	2.395.568,-	2.344.062,-

Studiepoengmidlar 2010 – UiB	163.000.-	47.000.-
Hordaland fylkeskommune	274.000.-	269.000.-
Hordaland fylkeskommune, KUP-midlar (for 2016)	450.000.-	0,-
Voss kommune	125.000.-	125.000.-
I alt	8.367.568.-	8.089.000.-

Rekneskapen for 2017 syner eit overskot på kr 266 559,- Gjennom god økonomistyring og utgiftskontroll har verksemda god kontroll. Overskotet kjem hovudsakleg frå at Ole Bull Akademiet har selt fleire konsulenttenester til andre institusjonar enn tidlegare år.

Aksjar

Stiftelsen Ole Bull Akademiet eig alle aksjane i eigeoms- og driftsselskapet Kringsjå AS.

Fond

Styret forvaltar desse fonda:	<u>31.12.2017</u>	<u>31.12.2016</u>
Sigbjørn Bernhoft Osa sitt fond	kr 122.113.-	kr 121.627.-
Gudrun og Sigurd Haaheims fond	kr 38.191.-	kr 38.153.-
Liv og Knut Klemmetsens fond	kr 12.387.-	kr 12.375.-

All kapital er i Voss Sparebank. Det er ikkje brukt midlar frå Sigbjørn Bernhoft Osa sitt fond i 2017. Det er heller ikkje delt ut midlar korkje frå Gudrun og Sigurd Haaheims fond i 2017 eller frå Liv og Knut Klemmetsens fond.

STYRET

Terje Støve, leiar	FolkOrg – organisasjon for folkemusikk og folkedans
Iiril Schau Johansen, nestleiar	Voss kommune
Sigbjørn Hauge, styremedlem	Voss kommune
Frode Thorsen, styremedlem	Universitetet i Bergen
Magne Espeland, styremedlem	Høgskular/universitet
Håkon Asheim, styremedlem	Representant for dei tilsette

Jo Asgeir Lie har vore sakshandsamar og sekretær for styret.

Det har i meldingsåret vore årsmøte og to styremøte med 9 saker til handsaming. Arbeidsutvalet, representert ved Terje Støve, Håkon Asheim og Jo Asgeir Lie, har hatt to møte og handsama 8 saker. Utvalet har i tillegg hatt jamleg kontakt gjennom året og drøfta ulike sider ved den daglege drifta.

PERSONALE

Ole Bull Akademiet hadde i meldingsåret 14 personar med fast arbeidstilhøve til institusjonen, og som til saman utfører 8,89 årsverk. Halve stillinga til vaktmeister blir finansiert av Kringsjå AS.

Jo Asgeir Lie, rektor	100%
Håkon Asheim, studieleiar	100%
Arne Anderdal, arkivar/høgskulelektor	100%
Steinar Ofsdal, professor	15%
Berit Opheim, førsteamanuensis	15%
Tormod Kleiveland, festivalleiar, Osafestivalen	100 %
Elisabeth Vannebo, høgskulelektor	16%
Tom Karlsrud, høgskulelektor	18%
Sissel Lie, førstesekretær	100%
Per Pettersson, driftsleiar/hussjef	50% (50% Kringsjå AS)
Rannveig Djonne, prosjektkoordinator Hardingfela.no	60%
Sigvald Rørlie	50%
Wiebke Lüders, instrumentkonservator/ hardingfelemakar	65%
Magni Rosvold, prosjektleiar Folkedans i Hordaland	100%

Jo Asgeir Lie har ansvar for den daglege leiinga og drifta av institusjonen, saksførebuing og sekretærfunksjonen for styret, søknader om offentlege løyvingar og midlar til ulike prosjekt. Rektor har ansvar for det faglege og pedagogiske arbeidet og skal, i samarbeid med dei fagleg tilsette, lage fagplanar for studia og planar for kursverksemda. Rektor har i meldingsåret også gitt undervisning både på kursa og studia.

Håkon Asheim er praktisk, pedagogisk og kunstnarleg leiar av Tradisjonsmusikk I og II (bachelorgrad), og har ansvar for planlegging, organisering og gjennomføring av studiet. Dette gjeld også mastergradsstudiet (Nordic Master), i samarbeid med våre nordiske samarbeidspartar. Han skal i nært samarbeid med rektor og fagråd syte for fagleg og økonomisk styring av samlingane og studiet elles. Asheim har også undervisningsplikt, og han er ansvarleg for fagseminaret i samband med Osafestivalen.

Steinar Ofsdal er tilsett som professor i 15% stilling. I denne stillinga ligg undervisningsplikt på studiet i tradisjonsmusikk og kunstnarleg leiaransvar av Osafestivalen. Han er også tilsett som professor i 100% stilling ved Norges musikkhøgskole i Oslo.

Berit Opheim er tilsett som førsteamanuensis i 15% stilling. I denne stillinga ligg undervisning for Tradisjonsmusikk I og II. Til stillinga ligg også å vere OBA sin representant i programrådet for Osafestivalen.

Arne Anderdal er tilsett som høgskulelektor/arkivar. Til stillinga høyrer kursadministrasjon, med hovudarbeidsområde å planleggja, organisera og gjennomføra kursverksemda ved Ole Bull Akademiet. I tillegg ligg bibliotek- og lydarkivarteneste, undervisningsplikt/kursleiing og ansvar for data- og anna teknisk utstyr inn i stillinga hans.

Elisabeth Vannebo er tilsett som høgskulelektor i 16% stilling. I denne stillinga ligg teoriundervisning for Tradisjonsmusikk I og II

Tom Karlsrud er tilsett som høgskulelærer i 18% stilling. I denne stillinga ligg teori- og samspelsundervisning for Tradisjonsmusikk I og II

Tormod Kleiveland er tilsett som festivalleiar for Osafestivalen i 70 % stilling. Til stillinga ligg ansvaret for planlegging og gjennomføring av festivalen, og Folkemusikkscena på Voss. Han er også tilsett som kursleiar for vekekursa i 30 % stilling.

Rannveig Djøne er tilsett i 60% stilling som prosjektkoordinator for Hardingfela.no. Hardingfela.no er eit samarbeid mellom Ole Bull Akademiet og Hardanger og Voss Museum om ei brei satsing på hardingfela - musikken, instrumentet, dansen og miljøet.

Sissel Lie er førstesekretær i 100 % stilling. Ho har ansvar for det merkantile arbeidet ved Ole Bull Akademiet. I stillinga ligg vertsfunksjon og resepsjonsteneste og praktisk tilrettelegging av kursopphaldet. Til stillinga ligg også den merkantile delen av kursadministrasjonen. I tillegg har ho det daglege ansvaret for butikken til Kringsjå AS, og syter for fakturering til skular og institusjonar. Ho er også sekretær for, og medlem i styret for Osafestivalen.

Per Pettersson er tilsett som driftsleiar og hussjef, og har 50 % stilling ved Ole Bull Akademiet og 50 % i Kringsjå AS. Han er ansvarleg for vaktmeisterstenester, avtale med cateringselskapet "Tre Kokker Voss" og vakt- og vaskelister for eigedomen.

Sigvald Rørlien er tilsett som felemakar, og er fagansvarleg for den praktiske delen knytt til valemnet i hardingfelemakeri. Dette er ein del av Tradisjonsmusikkstudiet.

Wiebke Lüders er tilsett som instrumentkonservator og hardingfelemakar. Til stillinga er det knytt undervisningsoppgåver på hardingfelemakarstudiet, i tillegg til reparasjonar og nybygg av hardingfeler.

Magni Rosvold er tilsett som prosjektleiar i 100% stilling for Folkedans i Hordaland, som er eit delprosjekt under Hardingfela.no.

I tillegg til dei fast tilsette har ein i stor grad nytta gjesteførelasar i undervisninga. Dette er i tråd med tanken om at flest mogleg av dei lokale og regionale musikk- og dansetradisjonane skal presenterast på institusjonen gjennom studieåret. Denne driftsmodellen gjev arbeid til svært mange folkemusikarar, som baserer mykje av inntekta si på våre konsert- og undervisningstilbod. Ole Bull Akademiet er ein av dei største arbeidsgjevarane til norske frilansmusikarar innan folkemusikk og folkedans.

AKTIVITET

VEKESKURS

Det har vore halde 24 kurs/seminar for i alt 16 institusjonar/studentgrupper, med til saman 563 studentar og 24 lærarar frå institusjonane. Dette gjev eit studenttal i snitt på 23,46 per kurs.

VEKE	STUDENTAR	LÆRARAR	INSTITUSJON
1	24	1	Voss Gymnas
2	36	3	Ski videregående skole
3	12	1	Voss Folkehøgskule
4	14	1	Høgskolen i Sørøst-Norge
5	23	1	Høgskolen i Østfold
6	27		Universitetet i Oslo, IMV
8	20		Universitetet i Oslo, IMV
10	29		Griegakademiet
17	32		Høgskolen i Oslo
35	20	2	Høgskulen på Vestlandet
36	21	1	Universitetet i Stavanger
36	15		Universitetet i Agder – BYKLE
37	27	1	Høgskolen i Oslo
37	41	1	Universitetet i Agder – BYKLE
38	44	1	Universitetet i Agder – BYKLE
39	27	1	Høgskolen i Oslo
40	16	1	Høgskulen i Volda
40	19	1	Universitetet i Tromsø – MÅLSELV
41	19	1	Barratt Due Musikk institutt – OSLO
42	23	1	NTNU
44	22	2	NLA Høgskolen i Bergen
45	19		Høgskulen på Vestlandet
46	16	1	Høgskolen i Sørøst-Norge
47	17	3	Høgskolen i Oslo
Sum	563	24	

Kursa i veke 36, 37, 38 for Universitetet i Agder blei halde i Bykle, Setesdal. Kurset i veke 40 for Universitetet i Tromsø blei halde i Målselv og kurset i veke 41 for Barratt Due blei halde i Oslo.

Kursleiarar:

Desse har vore kursleiarar (tal på kurs dei har vore kursleiar for står i parantes):

Kristoffer Kleiveland (3,5), Arne Anderdal (5,5), Margit Myhr (1), Eli Storbekken (5), John Ole Morken (3,5), Tormod Kleiveland (0,5), Martin Myhr (0,5), Magni Rosvold (2,5), Terje Foshaug (1)

Lærarar:

Førelasar/instruktørar/konsert

Kristoffer Kleiveland, Arne Anderdal, Margit Myhr, Eli Storbekken, John Ole Morken, Tormod Kleiveland, Martin Myhr, Magni Rosvold, Terje Foshaug, Kari Finne Sognnæs, Jo Asgeir Lie, Irene Tillung, Ellen Marie Geitung, Berit Opheim, Lars Fivelstad Smaaberg, Arne Sølvberg, Alexander A. Røystrand, Astri Sudmann, Eilif Gundersen, Vegar Vårdal, Kine Iselilja Gyldenskog, Helene Myklemyr Bolstad, Ole Nilssen, Johanne Mjøs, Bjørn Kåre Odde, Silje Risdal Liahagen, Mari Skeie Ljones, Birger Mistereggen, Håkon Høgemo, Terje Støve, Tom Karlsrud, Gunnaug Lien Myhr, Knut Hamre, Stein Villa, Håkon Asheim, Ingebjørg Longvik Reinholdt, Sigrid Stubbsveen, Geir Egil Larsen, Jørn Simenstad, Birgit Rike Lund, Sigurd Brokke, Helga Jacobsen, Sigrid Kjetildsdotter Jore, Harald Knutsen, Unni Boksasp, Trine Merete Sjølyst,

Hallvard T. Bjørgum, Jamie Lodberg, Åsmund Solberg, Kim André Rysstad, Anna Gjendem, Camilla Granlien, Kirsten Bråten Berg, Ottar Kåsa, Sondre Rua Dokken, Frode Borge, Kari Malmanger, Mads Erik Odde, Inge Martin Helgesen, Ånte Mikkel Gaup, Ola Graff, Sigrid Randers-Pehrson, Ragnhild Furebotten, Malin Alander, Ingfrid Breie Nyhus, Solveig Brekke Hauknes, Sivert Holmen, Kirsti Bakken Kristiansen, Judith Vestreim, Anita Solheim Bråvoll, Øystein Rudi,

Voss spelemannslag, Målselv spelemannslag

STUDIUM I TRADISJONSMUSIKK/ FOLKEMUSIKK

2017 var første året det gjekk studentar på alle fire årstrinn av bachelorstudiet i tradisjonsmusikk, sidan dette var fjerde året etter vedtaket om årleg opptak (i staden for annakvart år som tidlegare). Opptak kvart år har gjeve eit jamnare tilskot av studentar.

Det 4-årige studiet i utøvande tradisjonsmusikk er eit samarbeid med Griegakademiet – Institutt for musikk, Universitetet i Bergen, som i meldingsåret gjekk inn i det nyoppretta Fakultet for Kunst, Musikk og Design. Studiet har status som studieretning innfor fakultetet sitt bachelorprogram i utøvande musikk/komposisjon. Desse studentane gjekk vidare i meldingsåret:

3. år

Stina Brandin (hardingfele)
Kine Iselilja Gyldenskog (vokal)
Ole Gjerde (toradar, valemne i hardingfelebygging)
Johanne Mjøs (fele/hardingfele – permisjon hausten -17)
Silje Solberg (hardingfele – permisjon hausten -17)

2. år

Helene Myklemyr Bolstad (trekkspel)
Hans Christian Dalgaard (gitar/perkusjon)
Thea Marie Ytterdal (fele)

1. år

Carl Petter Opsahl (klarinet)
Jennifer Marie dos Santos (hardingfele)
Ingrid Standal Sørheim (toradar)

I vårsemesteret hadde studiet fire vekessamlingar med undervisning på OBA, og eksamenssamling veke 24. I tillegg deltok fleire av studentane på Nordtrad-konferansen i Stockholm i april (sjå eigen omtale).

Opptaksprøver vart haldne 23. mars for 5 kandidatar. For ein av dei (Jannike Svensvik) var dette ny opptaksprøve pga. to års permisjonsfråvære, og Svensvik kom inn på 4. år av studiet. 2 kandidatar fekk tilbod om studieplass på 1. år, og tok imot plassen:

Mari Mitdli (vokal)
Mathilde Skjæret (hardingfele)

I hausthalvåret var det fire undervisningssamlingar for tradisjonsmusikkstudiet på Voss.

I tillegg til konsertar i samband med studiet på OBA, hadde tradisjonsmusikkstudentane musikkinnslag på Nordtrad-konferansen i Stockholm, på Griegakademiets opningskonsert i Johanneskyrkja i august og for kursdeltakarar på OBA. Dei hadde konsertar på sjukeheimane på Voss, og som tidlegare år, fleire lunsjkonsertar i Voss kulturhus. Saman med folkemusikkstudentane fra Norges Musikkhøgskole hadde dei konsert under Osafestivalen, som avslutning på festivalseminaret leia av Tom Karlsrud. OBA-studentar og -lærarar hadde den tradisjonelle konserten "Jolabrygg" 30. november i Osasalen, med gjesteinnslag av Voss spelemannslag. Veka etter hadde nokre av studentane konsert på festivalen til folkemusikklinja på NMH i Oslo, "Ljøsblått".

Studietilbodet i hardingfelebygging

Ole Gjerde, den første studenten på valemna i hardingfelebygging innfor bachelorstudiet i tradisjonsmusikk, heldt fram med felemakarfaga i 2017 og vil etter planen ta bacheloreksamen våren

2018. Han er den første i landet som følgjer eit formelt studieopplegg i hardingfelebygging. Valemna utgjer halve studiet dei tre siste åra fram mot bacheloreksamen, og går parallelt med det obligatoriske utøvingsfaget i tradisjonsmusikk. Ved sida av Sigvald Rørlien som hovudlærer i instrumentbygging har Ole Gjerde fått rettleiing av instrumentkonservator Wiebke Lüders, og studieopphald hjå Ottar Kåsa i Bø. Gjerde har gjort eit pionéararbeid med å ta i bruk datastyrt fres i felemakararbeidet, samtidig som han har lært felemakarhandverket på "gamlemåten" på OBA.

Det nordiske masterstudiet i folkemusikk

Ole Bull Akademiet/Griegakademiet – Institutt for musikk er samarbeidspartnar i fellesstudiet "Nordic Master in Folk Music", saman med Sibelius-Akademiet (Helsinki), Syddansk Musikkonservatorium (Esbjerg) og Kungliga Musikhögskolan (Stockholm). Det er opptak til studiet annakvart år. Ved opptaket i 2015 vart det teke opp 2 studentar i Sverige (ein av desse avbraut studiet våren -17) og 2 i Finland, men ingen i Danmark eller Noreg. Dei hadde sitt første semester ved KMH i Stockholm, andre semester i Esbjerg og tredje i Helsinki. Siste semester, våren 2017, hadde dei fellesundervisninga konsentrert på 1 1/2 månad på Voss (med avsluttande konsert under VossaJazz). Resten av semesteret hadde dei oppfølging ved heiminstusjonen, eksamenskonsert under Nordtrad-konferansen i Stockholm i april og avsluttande turné i fleire nordiske og baltiske land som gruppa ILMOI, som hausta gode omtalar.

Det var nytt opptak til studiet våren 2017, der det vart teke opp 2 studentar i Sverige, 2 i Danmark og 2 i Finland, men ingen i Noreg. Håkon Asheim representerer OBA i koordinatorgruppa for studiet.

Lærarar/førelasarar på tradisjonsmusikkstudiet og Nordic Master

Arne Anderdal, Håkon Asheim, Hallvard T. Bjørgum, Synnøve Bjørset, Tore Bolstad, Øyvind Brabant, Aslak Brimi, Ole Aastad Bråten, Gabriel Fliflet, Britt Pernille Frøholm, Ellen Marie Selland Geithung, Inge Gjevne, Jan Beitohaugen Granli, Eilif Gundersen, Knut Hamre, Oddrun Hegge, Sunniva Hovde, Håkon Høgemo, Terje Isungset, John Oddvar Kandal, Tom Karlsrud, Jarnfrid Kjæk, Mattis Kleppen, Kristoffer Kleiveland, Tormod Kleiveland, Jorun Marie Kvernberg, Elisabeth Kværne, Ottar Kåsa, Sinikka Langeland, Silje Risdal Liahagen, Jo Asgeir Lie, Annbjørg Lien, Stefan Lindvall, Mari Skeie Ljones, Unni Løvlid, Benedicte Maurseth, Morten Michelsen, Birger Mistereggen, Einar Mjøltnes, Faith Mussa, Gunnlaug Lien Myhr, Margit Myhr, Ieva Nimane, Ricardo Odriozola, Steinar Ofsdal, Berit Opheim, Carl Petter Opsahl, Åsmund Reistad, Magni Rosvold, Tom Willy Rustad, Leif Rygg, Steinar Rygg, Sigvald Rørlien, Alexander Røynstrand, Ragnhild Sannes, Jan Arne Sjøstad, Gro Kjelleberg Solli, Agneta Stolpe, Eli Storbekken, Astri Sudmann, Camilla Svingen, Arne Sølvberg, Åse Teigland, Irene Tillung, Elisabeth Vannebo, Rosha Vole, Vegar Vårdal.

Nordisk folkemusikkonferanse

Den årlige konferansen for utøvande folkemusikkutdanningar frå Norden og Baltikum var i 2017 lagt til Kungliga Musikhögskolan i Stockholm i tida 18.–23. april, i regi av Nordtrad (det nordisk-baltiske folkemusikknettverket innafor Nordplus-samarbeidet). KMH hadde tidlegare arrangert både den første Nordtrad-konferansen (1996) og konferansen i 2006, så programmet var prega av deira erfaring og engasjement for nettverket. Det inneheldt førelesingar/workshops, samspelsgrupper på tvers av skular/land, felleskor og –orkester, konsertar, lærar- og studentmøte og sosialt samvere med jamsessions, og var svært vellukka både fagleg og sosialt. Bachelorstudentar frå OBA var med, og Jo Asgeir Lie og Håkon Asheim representerte lærarane. Dei tok del i det faglege arbeidet, og hadde innslag på konsertar. OBA er neste institusjon til å arrangere konferansen, i april 2018, så det var viktig for studentane og lærarane som var med i Stockholm å observere korleis KMH gjennomførte arrangementet.

ARKIV

Arkivet (Voss Folkemusikksamling) inneheld lydband, fotos, avisutklipp, videoinnspelningar, notemateriale m.m. som Ole Bull Akademiet og Voss Spelemannslag eig. Samlinga inneheld over 60 gamle spoleband etter Sigbjørn Bernhoft Osa og ei mengd spoleband og kassetar i Voss Spelemannslag si eige. Ein del av spolebanda er overspelt til Dat-kassetar for sikkerheitskopiering, og samlinga har omlag 150 timelange Dat-kassetar. Mykje av Dat-kassetane er og originalopptak av konsertar i regi av Ole Bull Akademiet, m.a. eksamenskonsertar. Samlinga har òg notesamlinga etter Sigbjørn Bernhoft Osa. Her finst brev, konsertprogram, trykte notar, plakatar, notat og anna. Det trykte notematerialet er ferdig sortert og katalogisert.

Ein samarbeider med Arne Bjørndals samling, Griegakademiet – Institutt for musikk, og det er i året som har gått teke kopi av ei mengd originale DAT-band til harddisk. Desse er så tekne til Bergen og er kopiert

inn på Arne Bjørndals samling sin server og registrert på Fiol, eit registreringsprogram utvikla for folkemusikkarkiv. Dette arbeidet vil fortsetja i tida framover.

OSAFESTIVALEN

Osafestivalen vart arrangert helga 27.-29. oktober 2017, med eit tilhøyrande, fagleg seminar for studentar knytt til dei ulike utdanningsinstitusjonane for folkemusikk den 26. og 27. oktober. Profilen til festivalen er å stimulera interessa for folkemusikk og nærliggande musikkformer, med særleg vekt på den tidlege kunstmusikken. I tillegg skal Osafestivalen grad stimulere til nyskaping og utvikling på dei nemnde kunstrområda.

Osafestivalen 2017 vart nok ein godt gjennomført festival med eit rikhaldig og spanande program, og treffe godt på den spennvidda i det musikalske uttrykket ein vil at festivalen skal innehalde. Publikum fekk denne helga servert alt frå tradisjonelt solospel til ulike bandsamansetningar, som ligg tett opp til grensa mot andre sjangrar som visemusikk, kunstmusikk og jazz. Det innovative og nyskapande kom tydeleg fram, og vi er i stor grad imponert over evna folkemusikarar og andre musikarar i dag har til å dra linjer mellom tradisjonsmusikken og det nyskapande.

Kunstnarisk vart Osafestivalen 2017 er ein sær sars vellukka festival, med fleire høgdepunkt som er naturlege å trekkje fram. Mellom anna er konserten med Ale Möller Band verd å nemne i denne samanhengen. Dette vart ei fargesprakande og medrivande musikalsk oppleving for alle i salen. Svenske Ale Möller er ein ringrev på den skandinaviske folkemusikkscena, og i bandet sitt har han samla musikarar frå alle verdshjørne. Her gjaldt korkje nasjonal-, kontinental- eller sjangergrenser. Greske, afrikanske og svenske musikktradisjonar samla seg i eit jazz og sprudlande uttrykk som verkeleg fenga publikum denne fredagskvelden.

Ein annan storheit på årets festival var norske Rolf Lislevand - ein verkeleg virtuos, heilt i verdstoppen innan luttspel. Det fekk publikum oppleve frå fyrste tone. Renessansemusikken si utvikling inn i barokken, påverknaden frå folkemusikken og dei ulike uttrykka i England, Italia og Spania på 1600- og 1700-talet er i utgangspunktet ei komplisert tema. Men Lislevand formidla desse subtile musikalske innsiktene på ein framifrå måte, både i ord og musikk. Saman med franske Albane Imbs fekk han fram den utrulege klangrikdommen som finst i dei ulike lutt-instrumenta.

Til sist er det naturleg å nemne bestillingskonserten knytt til markeringa av Ole Bull Akademiet sine fyrste 40 år. Her fekk publikum høyre og sjå gjennom ord og musikk, i tillegg til arkivopptak og bilete, nydeleg komponert og sett saman av Tellef Kvifte og Olav Luksengård Mjelva. Eli Storbekken gjorde ein framifrå jobb med å leie det heile i si rolle som musiserande konferansier, og bandet spelte så godt som berre musikarar med tilknytning til akademiet kan, er det freistande å seie. Det musikalske repertoaret var tett knytt til historia til akademiet og alle dei flotte musikanane som har vore innom og gjort Ole Bull Akademiet til den viktige institusjonen det er idag.

UNGOSA

Osafestivalen har dei siste åra hatt ulike kurs for born og unge under festivalen. I 2016 gjekk festivalen i lag med prosjektet Hardingfela.no om å arrangera UngOsa. Ønskje var å auke satsinga på kurs for born og unge monaleg under festivalen, der kursdeltakarane også skulle få oppleve delar av festivalen både som publikum og deltakarar. Organiseringa kring kurset har vore utført av Magni Rosvold, som er prosjektleiari for «Folkedans i Hordaland» - dansesatsinga til Hardingfela.no, i samarbeid med Osafestivalen.

Målgruppa for UngOsa 2017 var utøvarar frå 7 til 18 år på hardingfele, toradar, vokal og dans. Deltakarane vart delt inn i grupper etter aktivitet og nivå. Kurset gjekk over tre dagar, fredag til sundag, med ein avsluttande, stor felles konsert sundag. Alle deltakarane og lærarane deira hadde sett saman eit fint program i foajeen i Gamlekinoen. Denne konserten var ein del av det ordinære festivalprogrammet til Osafestivalen. Laurdag føremiddag var deltakarane med til Osasalen og fekk oppleve familieførestillinga «Den standhaftige tinnsoldat» med gruppa Vrang. Til familieførestillinga med Vrang fekk nokon av borna frå dansegruppa i oppdrag å bli med og dansa ein langedans under førestillinga, uner leiing av utøvarane i Vrang. Dei eldste kursdeltakarane fekk også bli med på dansen på Ole Bull Akademiet, laurdagskvelden.

I tillegg til undervisning i grupper hadde deltakarane også ei fellesøkt med dans laurdag ettermiddag. Både fredag og laurdag kveld, etter middagen på Voss Vandrarheim, spelte, leika og dansa deltakarane ilag. Det vart her lagt opp til noko felles musikk og danseaktiviteatar i regi av lærarane, i tillegg til at det også vart gjort rom for at deltakarane sjølve fekk spela og dansa det dei ynskte.

Målet for tal på deltakarar var mellom 40-50. Dette målet vart nådd då det til saman var påmeldt 46 born og ungdommar til årets helgesamling. I år kom deltakarane frå Voss, Granvin, Ulvik, Ullensvang, Odda, Kvam, Samnanger, Osterøy, Lindås, Fjell, Bergen, Oslo og Ål.

SEMINAR

Eit fagleg seminar mynta på studentar knytt til dei ulike høgare utdanningsinstitusjonane for folkemusikk i Noreg vart gjennomført i forkant av festivalen. Det var om lag 25 deltakarar på seminaret, stort sett knytt til Norges Musikkhøgskole og Ole Bull Akademiet. Seminaret var bygd på innstudering av slåttar, og korleis desse kan arrangerast på folkemusikken sine premisser. Seminaret var leia av Tom Karlsrud, og resultatet av dette arbeidet vart vist fram under den tradisjonsrike lunsjkonserteren Osafestivalen held i Voss Sparebank.

NØKKELTAL

Det vart i alt gjennomført 27 arrangement i løpet av helga. Av dette var det sytten ordinære konsertar, to familiekonsertar, to dansekurs for vaksne, eitt fagleg seminar, to dansekvelder, folkemusikkmesse, kunstutstilling og til sist UngOsa – helgesamling for born og unge.

Om lag 2700 personar vitja arrangementa under årets festival, og det gav ei brutto billettinntekt på 212.580,-.

ARTISTAR UNDER FESTIVALEN

Väsen (SVE), Musicus, Gabriel Fliflet Band, Ale Möller Band (SVE), JigJam (IRL), Olav L. Mjelva, Tellef Kvifte, Roger Tallroth, Kåre Opheim, Eli Storbekken, Berit Opheim, Einar Mjøsnes, Rolf Lislevand, Albane Imbs (FRA), Benedicte Maurseth, Ruth Lillegraven, Ragnhild Hemsing, Tor Espen Aspaas, Vrang, Ole Nilssen, Solveig Brekke Hauknes, Sarah-Jane Summers (SCO), Juhani Silvola (NOR/FIN), Anders Löfberg (SVE), Eilif Gundersen, Jo Asgeir Lie, Håkon Asheim, Kari Finne Sognnæs, Koret Strendingen, Voss og omland kantori, Sindre & Co, Studentar frå NMH & OBA, Voss Spelemannslag, Odd Ivar Solvold, Charles Tjessem, Silje Solvi

FØREDRAGSHALDARAR OG LÆRARAR/SPELEMENN PÅ KURS

Seminar:	Tom Karlsrud, Steinar Ofsdal
UngOsa:	Maria Skjeldrum Toppe – hardingfele Alexander Aga Røystrand – hardingfele Siri Dyvik – hardingfele/dansespel Ingrid Standal Sørheim – toradar Anette Thorsheim – toradar Lajla Renate Buer Storli – song Sondre Haugen – dans Åsne Haugen – dans Øystein Haugen – dansespel
Dansekurs:	Ole Nilssen, Solveig Brekke Hauknes, Kristoffer Kleiveland (dansespel).

VOSS FOLKEMUSIKKLUBB

Osafestivalen har den daglege drifta av Voss Folkemusikkklubb, som er eit samarbeid mellom festivalen og Voss Spelemannslag. I 2017 vart det arrangert til saman 7 konsertar gjennom året i tillegg til festivalhelga.

ORGANISASJON

Ole Bull Akademiet, Voss Spelemannslag, Voss Ungdomslag og Orkesteret Fossegrimen er arrangørar av Osafestivalen. Arrangørлага stiller med eit 50-tals dugnadsmedarbeidarar til gjennomføring av festivalen. I tillegg vart det kjøpt tenester i form av festivalkoordinator og pressemedarbeidar på til saman 1 måned samla arbeid. Dagleg leiar er Tormod Kleiveland, og arbeider i Osafestivalen i 70 % stilling.

Styret 2017

Terje Støve	styreleiar
Berit Opheim	styremedlem

Brynjulv Norheim styremedlem
Sissel Lie styremedlem
Tormod Kleiveland dagleg leiar, kun talerett

Programråd 2017

Tormod Kleiveland Dagleg leiar Osafestivalen
Steinar Ofsdal Professor ved Norges Musikkhøgskole,
- fagseksjon for improvisert musikk, jazz og folkemusikk
Frode Thorsen Dekan ved Universitet i Bergen
- Fakultetet for Kunst, Musikk og Design (KMD)
Berit Opheim Førsteamanuensis ved Ole Bull Akademiet, frilans muskar
Annlaug Børsheim Frilans muskar

HARDINGFELA.NO

Hardingfela.no er eit samarbeid med Hardanger og Voss Museum, som set fokuset på hardingfela som instrument, musikken, dansen, miljøet og historikken knytt til instrumentet. Hardingfela.no er også eit vellukka samarbeid mellom to sentrale aktørar innafor kulturfeltet i Hordaland.

I 2017 har ein kome i gang for fullt med ei rekkje underprosjekt i hardingfela.no, og dei ulike prosjekta fekk inn tilskot og prosjektstønad på i alt kr. 1 732 000 fordelt på dei to eigarinstitusjonane. I dette talet inkluderer ein to-årleg stønad til Folkedans i Hordaland, løyvd av Hordaland fylkeskommune.

Det vart i 2017 ikkje gjort nokon nye tilsetjingar/endingar i tilsetjingar knytt opp mot prosjektet. Silje Solberg var leigd inn på engasjement i høve kartlegging av instruktørar innan folkemusikk og folkedans og Anne-Marie Øydvin i høve utvikling av Felefygje.

Tiltak gjennomført i 2016:

Rekruttering og tradering

Master Class Hardanger. Master Class Hardanger Hardingfela. 10 hardingfelespelarar over 18 år med Knut Hamre som hovudlærer vart ferdige med Master Class Hardanger 2016 våren 2017. Hausten 2017 starta ein ny runde med Master Class Hardanger. Det var 12 søkjarar til dei 8 plassane.

Master Class Hardanger Vokal vart gjennomført for fyrste gong våren 2017. Dei fem vokalistane hadde 10 songtimar kvar med Berit Opheim og samling med Marit Karlberg frå Valdres. Det var ny søknadsrunde med frist 15. desember 2017 til ny runde med Master Class Hardanger – vokal. Det var 11 veldig gode søkjarar til dei 5 plassane.

Hordaland folkemusikklag og Hordaland ungdomslag er samarbeidspartnarar i dansesatsinga «Folkedans i Hordaland». Forprosjektet vart gjennomført i 2016 og resulterte i rapporten *Folkedans i Hordaland – behov og moglegheiter*. Gjennom året vart det arbeid vidare med utvikling av tiltak og idear til hovudprosjektet. Fylkeskommunen løyvde i oktober 450 000 kroner til vidare satsing i 2017 og kr. 780 000 vart løyvd i oktober i 2017 til vidare satsing i 2018 og 2019 fram mot *Bygda dansar*, det nasjonale 3-årige prosjektet ein tek sikte på.

24.-25.mars 2017 vart det for andre gong arrangert *seminar for kulturskulelærarar og instruktørar innan folkemusikk og folkedans*. Seminaret vart arrangert på Ole Bull Akademiet, og samla 20 deltakarar frå heile landet. Instruktørane var Unni Boksasp, Stian Roland, Elna Føleide Selle og Linda Skjerping.

Våren 2017 *spelte alle 1. og 2. Klassane i Granvin hardingfela og dansa ein skuletime i veka*. Prosjektet var finansiert av hardingfela.no og Johanna Mjeldheim var feleinstruktør og Magni Rosvold danseinstruktør.

Storkurset *UngOsa* under Osafestivalen på Voss vart arrangert for andre gong. Det var 46 deltakarar med (auke på 11 frå 2016). Instruktørane var Maria Skjeldrum Toppe (hardingfele) Alexander Aga Røynstrand (hardingfele), Siri Dyvik (dancespel og hardingfele), Ingrid Standal Sørheim (toradar), Anette Thorsheim (toradar), Lajla Renate Buer Storli (song), Sondre Haugen (dans), Øystein Haugen (dancespel) og Åsne Haugen (dans). Deltakarane fekk òg vera med på konsertar og dans om kvelden. Dei hadde ein fullsett avslutningskonsert i foajeen i Gamlekinoen.

Hardingfela.no har nytta 2017 til å jobba med finansiering av prosjektet *Nøringen*, folkekulturell opplæring for born i alderen 4-6 år. Dette er eit i samarbeid med alle kulturskulane i Hardanger og Voss, og vert ei av dei verkeleg store satsingane til hardingfela.no i 2018.

Under Osafestivalen 2017 vart *Hordaland fylkeskommune sine folkemusikk- og folkedansstipend* delte ut for andre gong, administrert av hardingfela.no. Vinnarane var Berit Opheim (kr. 50 000), Maria Skjeldrum Toppe (kr. 25 000) og Silja Solvang (kr. 25 000) Rådet for hardingfela.no gav innstilling til Hordaland Fylkeskommune.

I 2017 har hardingfela.no jobba med *kartlegging av instruktørar innan folkemusikk og folkedans i Hordaland*. Silje Solberg har hatt jobben og listene skal publiserast i februar 2018.

Folkedans i Hordaland

Hordaland folkemusikklag og Hordaland ungdomslag er samarbeidspartnarar i dansesatsinga. Forprosjektet vart gjennomført i 2016 og resulterte m.a. i rapporten *Folkedans i Hordaland – behov og moglegheiter*.

Gjennom året og utover hausten vart det vidare arbeida med utvikling av skisserte tiltak og idear til hovudprosjektet. Fylkeskommunen løyvde i oktober kr. 450 000 til vidare satsing i 2017. I 2017 har ein gjennomført samlingar og møteplassar som t.d. konseptet Folkedanssalong, UngOsa og instruktørseminar og samarbeida med, og drive nettverksarbeid opp mot, kulturskular, ulike ressursmiljø og ressurspersonar lokalt og nasjonal, ulike festivalar, samt andre kultur- og idrettsaktørar.

I oktober 2017 løyvde Hordaland fylkeskommune kr. 780 000 til vidare satsing fram mot 2019. Eit av måla ein vidare arbeidar for, er å få tildelt prosjektet *Bygda dansar til Hordaland frå hausten 2019*.

Formidling

Sommaren 2017 var trioen *Felefylgje* i gang på oppdrag frå hardingfela.no. Utøvarane er Marta Lindvik, Åshild S. Ljones, Amalie Kinsarvik Tvilde. Felefylgje hadde 23 konsertar og avslutta med ein fullsett bestillingskonsert på Hugesenteret i anledning bursdagen til Olav H. Hauge. Anne-Marie Øydvin har fått i oppdrag å jobba med vidareutvikling av Felefylgje og booking fram mot sommaren 2018.

Felemakeri

I samarbeid med Granvin Ungdomslag, Spelarhola i Granvin, Reisemål Hardangerfjord m.fl. vart det hausten 2017 arrangert *stor folkemusikkhelg i Granvin/Botnen* der hardingfela.no hadde ansvar for utstilling av gamle og nye hardingfeler i Trudvang og tur til Botnen.

Organisering

Prosjektet er eigd av Hardanger og Voss Museum og OBA. Rannveig Djønne er prosjektkoordinator for hardingfela.no, medan Magni Rosvold er prosjektleiar for Folkedans i Hordaland.

Rådet for hardingfela.no består av Arne Jordan frå Hardanger Spelemannslag, Lars Gjelland frå Voss Spelemannslag, Silje Solberg frå Hordaland Folkemusikklag, Sverre Sundvor frå Hordaland Ungdomslag, Jørn Oftedal frå Hordaland Fylkeskommune, Randi Bårtvedt frå Hardanger og Voss museum og Jo Asgeir Lie frå OBA. Rådet hadde to møter i 2017 (mars og august).

ULIKE SAMARBEIDSFORA

Griegakademiet - Institutt for musikk er den institusjonen OBA har det mest omfattande samarbeidet med. Studietilboda på bachelor og masternivå er ein viktig del av dette. I tillegg omfattar samarbeidet ei rekkje tiltak og samarbeidsformer:

- økonomisk samarbeid som gjeld fordeling av resultatbudsjett for avlagde eksamenar
- det generelle tilskotet til OBA frå UFD blir utbetalt av UiB

- kompetansevurdering av tilsette skjer gjennom UiB
- UiB er representert i styret for Akademiet og programråd for Osafestivalen
- felles undervisningsopplegg og seminar
- Arne Bjørndals samling ved Griegakademiet - Institutt for musikk fungerer som viktig tradisjonsarkiv og samarbeidspartner for Ole Bull Akademiet.

Samarbeidet mellom dei nordiske og baltiske høgskulane som har utøvande folkemusikk på studieplanen, held fram. Den nordiske folkemusikkonferansen til Nordtrad - The Higher Education Network of Traditional Music - var i 2017 lagt til Kungliga Musikhögskolan i Stockholm (sjå eigen omtale). Frå 2009 er OBA med i mastergradsamarbeid med tre av Nordtrad-institusjonane. I 2016 opna også Griegakademiet opp utøvande masterprogram for også å gjelde folkemusikk og jazz.

Ole Bull Akademiet er med i Musikknett Vest, eit nettverk for musikk institusjonar på Vestlandet som arbeider med utøvande og pedagogisk utdanning, forskning og kunstnarleg utviklingsarbeid.

Voss Spelemannslag er fast musikalsk bidragsytar på kursa, og leiger i tillegg øvingslokale av Kringsjø AS.

Akademiet samarbeider med Liv Bernhoft Osa og Per Gørvell, eigarane av kunstnarheimen Sævelid, om bruk av konsertsalen i samband med kurs og som konsertarena under Osafestivalen. Vi har også samarbeid med Voss Folkemuseum om omvisning for studentane våre på museet.

GJESTEFØRELESINGAR, KONSERTAR, STUDIETURAR, REPRESENTASJON I 2017

Jo Asgeir Lie

- har vore OBA sin representant i styringsgruppa for Hardingfela.no
- presenterte, saman med Hardanger og Voss museum, hardingfela.no for Kultur og ressursutvalet i Hordaland fylkeskommune
- Representerte OBA ved opninga av Fakultet for Kunst, Musikk og Design (KMD), ved Universitetet i Bergen
- Representerte OBA på 80-årsmarkeringa for NOPA
- sat i juryen for Drømmestipendet, Norsk kulturskoleråd
- har vore hovudlærer på trekkspel for ein bachelorstudent ved Ole Bull Akademiet og for ein masterstudent ved Norges musikkhøgskole, Oslo
- Hadde ein førelingsserie for Nordic Master-studentane
- Har vore ein av lærarane for Folkemusikk valfag ved Griegakademiet
- Turne i Tyskland og Sveits med Grete Skarpeid og Aruan Ortiz
- Komponerte tingingsverk på bestilling frå Distriktsmusikarane på Voss og Berit Opheim
- Var ein av komponistane som vart presentert under Spill Norsk-festivalen til NOPA og Norsk komponistforening
- har, saman med folkemusikkgruppa Kvarts, samarbeidd med Arve Tellefsen og Trondheimssolistene under konsertar ved Gudbrandsdal musikkfest
- har framført Folkemusikkmesse frå Ål i Ål kyrkje, Leveld kyrkje og Vangskyrkja
- Var, saman med Kvarts, ei av dei musikalske gåvene til DD.MM. Kongen og Dronninga under 80-årsfeiringa deira på Rondane Høgfjellsscene
- Representerte Ole Bull Akademiet under Ljøsblått-festivalen 9. desember, Norges musikkhøgskole

Håkon Asheim

- deltok i møte i koordinatorgruppa for studiet Nordic Master in Folk Music, som vart haldne på Kungliga Musikhögskolan i Stockholm i samband med opptaksprøver i mars og eksamenskonsertar i april og desember
- saman med Jo Asgeir Lie, representerte OBA på Nordtrad-konferansen i Stockholm i april
- saman med Berit Opheim og Jo Asgeir Lie, organiserte og underviste på valfaget Folkemusikkutøving på Griegakademiet, som OBA har laga plan for og som starta opp i 2016. 4 studentar tok eksamen i emnet i mai 2017, og 6 nye studentar starta på faget om hausten.
- Deltok i møte på Griegakademiet i samband med revisjon av studieplanar og innarbeiding av rutinar på det nye Fakultet for Kunst, Musikk og Design

- spelte inn verket "Hardingtrio" av Ketil Hvoslef for plateselskapet LAWO saman med Hilde Haraldsen Sveen og Einar Røttingen, som del av Hvoslef-serien som Griegakademiet arbeider med
- var musikal på folkemusikkmessa av Jo Asgeir Lie under Osafestivalen
- heldt føredrag og spelte på konsert under det internasjonale seminaret "Romantic Piano meets the Hardanger Fiddle" på Griegakademiet, arrangert av The International Edvard Grieg Society, som publiserte føredraget på si nettside. Heldt òg eit eige føredrag på OBA for nokre av seminardeltakarane og utvekslingsstudentar i etterkant.
- Representerte OBA på Riksscenens rådsmøte og på presentasjonen av Dextra Musica-ordninga for folkemusikkinstrument under Folkelarm i Oslo i november
- gjorde fleire intervju med Sigvald Rørlin med tanke på dokumentasjon av hans måte å bygge hardingfeler på, og starta arbeidet med å skrive bok på grunnlag av desse
- sat i Kulturrådets komité for handsaming av søknader til Statens kunstnarstipend for folkekunstnarar
- hadde diverse oppdrag som musikal / dansespelemann, og med notetranskripsjon og anna skrivning.

Arne Anderdal

- Var hovudlærer på Hardanger Fiddle association of America si årlege kurshelg i Wisconsin.
- Var spelemann på kurs i hallingspringar i Boulder og Folklore Village i mars.
- Var spelemann på dansekurs på folkedansfestival i Litauen.
- Er medlem i styringsgruppa for Voss Folkemusikkscene
- Er musikalsk leiar for Voss spelemannslag.
- Held kurs og føredrag om runddansmusikk på hardingfele på 30-års jubileet for Buskerud Folkemusikksamling.
- Har, saman med songar/gitarist Olav Undeland helde institusjonskonsertar på Voss Sjukeheim ein gong i månaden.
- Spelte til dans for alle 5. klassingar på Voss i samband med danseprosjekt i regi av Den Kulturelle skulesekken.
- Er medlem av gruppa Baljelaugget, som gav ut plate i september.
- Har hatt diverse spelejobbar med ulike grupperingar.

Wiebke Lüders

- Har skrive artikkelen : «Framtidsfelemakeriet. Den norske hardingfelemakertradisjonen i det 21. århundre: betraktninger fra felemakerverkstedet til Ole Bull Akademiet/ The Future of Hardingfele making. The Norwegian Hardanger fiddle making tradition in the 21st century – reflections from the Hardanger fiddle making workshop at the Ole Bull Academy in Voss.» (tekst: Wiebke Lüders, oversatt av Håkon Asheim). Publisert i *Folkemusikk*, 2/2017, og i *Sound Post – Journal of the Hardanger fiddle Association of America*, Volume 34, No. 4, Fall 2017
- Har delteke på to internasjonale konferansar:
 - o Heldt innlegget "Framtidsfelemakeriet – The Norwegian Hardanger fiddle making tradition in the 21st century" på CIMCIM (ICOM International committee of museums and collections of instruments and music), 22.-25. Febr. 2017 i Basel og Bern: Presentation, Preservation and Interpretation. The Challenges of Musical Instrument Collections in the 21st Century.
 - o Wood Musick COST Action FP1302 4th Annual Conference – 5.-7. Okt. 2017, Musical Instruments Museum, Brussels: Preservation of Wooden Musical Instruments. Ethics, Practice and Assessment.
- Har laga ein kopi av ei Trondafele etter ein original, laga av Trond Botnen ca. 1750

Berit Opheim

- Har vore hovudlærer for Master Class Hardanger vocal, med fem elevar som hadde 10 timar kvar,

- Fekk Hordaland Fylkesskommune sitt folkemusikkstipend til Innsamling og utgjeving av folkesongar frå Voss
- Har saman med Trio Medlæval, halde konsertar både i Noreg og i utlandet, m.a. Island, Nederland, Storbritannia, Østerrike, Belgia. I Noreg har dei vilja Risør Kammemusikkfestival, Vestfoldfestspillene, Soddjazz
- Har halde ei rekkje konsertar i tillegg til TM, m.a. konsert i Belgia med Benedicte Maurseth, og konsert under Førdefestivalen,
- Arrangerte folkesongkonsert med 9 folkesongarar frå Voss og Hardanger,
- Heldt fleire duokonsertar saman med Gabriel Fliflet,
- Var med på Bach & Luther-prosjekt med Gjermund Larsen og Tord Gustavsen,
- Urframføring av "Tidekvern" på Oslo Kammemusikkfestival, med Benedicte Maurseth, der dei to også var komponistar

HEIMESIDE

På helmesida www.olebull.no finst informasjon og timeplanar for kurs og anna studieinformasjon. I tillegg inneheld sida informasjon om Ole Bull Akademiet og Kringsjø AS. Felemakarverkstaden har i tillegg eiga helmeside www.felemakeriet.no.

ARBEIDSMILJØ, SJUKEFRÅVER

Styret reknar arbeidsmiljøet i stiftinga som tilfredstillande. Det har ikkje vore sett i verk spesielle tiltak i driftsåret. Sjukefråværet har lege godt innanfor det normale. Ein har ikkje registrert skadar eller ulykker hjå dei tilsette i driftsåret.

Voss, den 23. februar 2018

I styret for Stiftelsen Ole Bull Akademiet




Terje Støve
styreleiar



Tril Schau Johansen
nestleiar



Frode Thorsen
styremedlem



Magne Espeland
styremedlem



Sigbjørn Hauge
styremedlem



Håkon Ashelm
styremedlem